

Forskrift om ekstraordinær bandtvang, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommune 25. februar 2024 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om forsvarleg hundehold (hundelova) § 6 annet ledd bokstav f og Skjåk kommune sitt delegeringsreglement.

§ 1.

Grunna ekstraordinære tilhøve for hjortevilt med spesielt mange kjøvingar, vert det innført ekstraordinær bandtvang. Det vil seie at hundar skal haldast i band eller forsvarleg inngjerda eller innestengd slik at dei ikkje kan jaga eller skada hjortevilt.

§ 2.

Denne forskrifta gjeld for alt areal i Skjåk kommune under 900 moh. og gjeld for alle hundar med fylgjande unntak:

- politi- og lavinehunder i teneste og under trening,
- hundar i bruk som ettersøkshund etter såra eller sjukt vilt
- dressert bufehund som vert brukt til å vakta bufene
- hund brukt under lovleg jakt og organiserte fuglehundprøver

§ 3.

Kommunen kan for særlege formål, eller avgrensa område dispensere for bruk av laus hund i dei områda som er omfatta av denne forskrifta.

§ 4.

Einkvar kan oppta hund som er laus i strid med denne forskrifta. Hunden skal bli levert til hundeholderen, dersom hen er til stades. Dersom hunden ikkje blir levert til hundeholderen, skal den bli levert til politiet så snart som mogleg.

§ 5.

Brot på denne forskrifta kan bli straffa i høve til reglane i hundelova.

§ 6.

Denne forskrifta trer i kraft straks den er vedteken, men gjeld ikkje lenger enn til 1. april 2024 når den ordinære bandtvangen etter hundelova trer inn.

Kommunen skal vurdere behovet for bandtvangen fortløpande og kan oppheve forskrifta straks.

Vedtak etter hundelova § 6, 2. ledd, punkt f) kan påklagast til Statsforvaltaren.